

# Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 14. februar 2014 kl. 09:30 – 13:30  
Møtestad: Møllendalsbakken 9, Bergen

**Styremøtet var ope for publikum og presse på konferansetelefon.**

## Deltakarar frå styret:

Ragnhild Osmundsen	Leiar
Clara Øberg	Nestleiar
Wenche Haffnes Andresen	Styremedlem
Kjetil Hustoft	Styremedlem
Lisbet Karin Nærø	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Odd Søreide	Styremedlem
Marianne Saugestad	Styremedlem
Nina Carstens	Styremedlem
Bente Mari Rolfsnes	Styremedlem

## Forfall frå styret:

## Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerande direktør  
Ola Rye, Økonomisjef



## Sakliste

### Ope del

- |           |     |  |
|-----------|-----|--|
| Sak 01/14 | B   | Godkjenning av innkalling og dagsorden                 |
| Sak 02/14 | B   | Godkjenning av protokoll frå styremøte 19.12.2013      |
| Sak 03/14 | O   | Orientering frå administrerande direktør               |
| Sak 04/14 | O   | Rapport frå verksemda per desember 2013                |
| Sak 05/13 | B   | Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2013 |
| Sak 06/14 | B   | Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013   |
| Sak 07/14 | B/O | Eventuelt<br>Skriv og meldingar                        |

### Lukka del

- |           |   |   |
|-----------|---|---|
| Sak 08/14 | O | Rapportering i høve til «80/20-regelen»<br>u. off. jf. Offentleglova § 23.1 |
| Sak 09/14 | O | ESA-saka – status og framdrift<br>u. off. jf. Offentleglova § 23.1          |

## Ope del

### B 01/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

#### Dokument delt ut i møte:

Ingen dokumenter ble delt ut i møtet.

#### Eventuelt

Ingen saker ble meldt til Eventuelt.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

### B 02/14 Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 19.12.2013

#### **Oppsummering:**

Styret gjorde oppmerksom på at det under Sak 47/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden feilaktig framkjem at det ikkje var forfall på styremøtet 7. november 2014. Som det rett kjem fram og protokollens første side hadde Bente Mari Rolfsnes forfall på dette møtet. Protokollen blei i møte endra i høve til dette.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 7. november 2013.



## O 03/14 Orientering frå Administrerende direktør

### Oppsummering:

#### Ope del:

#### 1. Tildeling av kontrakt til legemiddelgrossist

Det er innstilt på val av ny grossist med verknad frå 01.01.2015. Klagefrist for avgjerda er sett til 25.02.2014. Etter utløp av klagefrist vil kontrakt bli teikna, og arbeidet med å implementera ny grossist vil starte.

#### 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Etter utsending av sakspapir til styremøte ble det kjent at Stortinget 13.02.2014 vedtok mulegheit for å opne nettapotek. Det må no gjerast nødvendig utgreiingsarbeid, så ein kan først rekne med at dette faktisk vil være mogeleg å starte drift av nettapotek i overgang 2014-2015. Nettapotek kan komme til å gjøre noe med apotekstrukturen i Norge, og SAV må og sjå på dei strategiske mogeleghetene på dette området.

#### 3. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

SAV har hatt tilsyn av Statens Legemiddelverk, men kva som i oppsummeringsrapporten frå tilsynet vil bli karakterisert som blir avvik og kva som blir frist for lukking av disse er ennå ikkje kommunisert av Statens legemiddelverk pt. Viktigaste punkt å notere seg er SAV sine rutinar for gjennomføring av internrevisjon, risikovurdering av lagring av A- og B-preparat i legemiddelautomat, og fullmakter rekvisisjonsrett ved bestillingar frå sjukehusa.

#### 4. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen merknader på dette punktet ut over vedlagt oversikt.

#### 5. Styresaker til oppfølging

Styresak i høve til «Ny økonomihandbok - økonomirutinar, internkontroll og fullmaktsstruktur» har ikkje lenger aktualitet i høve til at ein er kome langt i utvikling av felles Økonomihandbok i helse Vest, samstundes som ein rekke av dei oppgåve som har lagt inn i denne saka no vil bli løyst ved å gradera opp SAV sitt kvalitetssystem (arbeid starta). Konklusjonen blei at administrasjonen tydeleggjer utviklinga på området sidan denne saka ble sett opp på restansar med eit notat til neste styremøt som peikar ut korleis dei einskilde elementa vil bli løyst, slik at sakan kan tas ut av lista over «Styresaker til oppfølging».

### Vedtak (samrøystes):

Styre tek meldingane til orientering.

## O 04/14 Rapport frå verksemda per desember 2013

### Oppsummering:

HR-avdelinga har hatt fokus på organisasjon, arbeidsmiljø, leining og medarbeidarskap siste året. Vi har og hatt tett oppfølging av sjukefråverer. Med unntak av juni og juli har sjukefråverer gått ned i 2013 samanlikna med 2012.

Aktiviteten på fagsida siste periode er fortsatt knytt til oppfølging av kundeundersøking, kvalitetsprosjekt, beredskapsøvingar og miljøsertifisering.

Planlegging av tiltak for å auke margin på varesal i publikumsekspedisjonane har krevja både interne og innleidde ressursar.

SAV har ved utgangen av desember ein omsetning som ligg 6,0 mill. Bruttomargin frå varesalet er 7,1 mill. lågare enn budsjettmålet. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 0,9 mill. over budsjett og 11,1 mill. under budsjett. Reduserte driftskostnader kjem frå refusjon av IKT kostnader med i alt kr



7,8 mill. knytt til frådrag for inngåande mva. hjå Helse Vest IKT for åra 2009-2013. Samla gjev dette eit resultat for 2013 på 16,3 mill.

I verksemdsomsråda har det i 2013 vore høg aktivitet og god inntening i PRO og avdeling 145, med resultat høvesvis på 12,2 mill. og 1,4 mill. over budsjett. Både SHE og PUB viser resultat på høvesvis 4,4 og 3,1 mill. under budsjett, noko som i hovudsak skuldast lågare omsetning og høgare varekost enn budsjettet. Innan AFR er resultatet 1,4 mill. under budsjett, då spesielt knytt til manglande leveransekapasitet ved SiB.

Med bakgrunn i auka fokus på HMS og pasienttryggleik frå både HOD og nytt styre i Helse Vest fekk administrasjonen i oppgåve å sjå på oppbygging av verksemdsrapporten og vurdere å sette HMS og pasienttryggleik satt høgare på dagsorden i denne. Styret ønskte et notat på både val rekkefølge på tema i verksemdsrapporten, val og overskrifter og tydeleggjering av korleis pasienttryggleik kan rapporteras på ein god og oversiktleg måte til neste styremøte.

Styre sin kommentar til kapittel om Merdarbeidarar, var at dei gledeleg såg ein fallande trend innan sjukefråvere, men at det framleis er store variasjonar frå månad til månad. Styret oppmoda difor berre administrasjonen om å halde fram det målretta arbeidet med å halde sjukefråvere nede.

Innan kapitlet «Fag» ønskte styret å framheve gode tilbakemeldingar på Nordfjordprosjektet frå dei involverte kommunane. Administrasjonen kunne informere om at prosjektmandat og foreløpige resultat er sendt frå SAV til Helsedirektoratet, da desse var interessert i å haldast informert om det SAV gjør i dette prosjektet. Styret ønskte at administrasjonen ble meir konsekvent i å presentere pågåande prosjekt i SAVisa.

Innan Fag oppmoda styre også administrasjonen om å engasjere seg tyngre med økonomikompetanse inn i KULE, for eksempel i høve til å vurdere kostnytte ved logistikk-tekniske løysingar (Legemiddelkabinett), og vurdere kor langt SAV bør integrerast/ eie lagerbeholdning inn mot sjukehuspost.

Styret trekte og innan Fag frem eit behov for auka trykk i høve til at SAV får ein plass i Samhandlingsavtalane med kommunane.

Innan Økonomi ønskte styret, som eit innspel til nødvendige vurderingar i høve til ESA-saka, om at administrasjonen samla inn informasjon om inntening og struktur kostnadsfordeling til apoteka i dei private kjedene.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapporten til etterretning.

## **B 05/14 Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2013**

#### **Oppsummering:**

Forslag til årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest blei gjennomgått utan vesentlige kommentarar frå styret.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek forslag til Årsrekneskap med notar og kontantstraumanalyse for Sjukehusapoteka Vest HF for 2013 til etterretning.

Årsrekneskap for 2013 vert lagt fram med dei forslag til endringar som framkom i møtet for endeleg godkjenning i neste styremøte der revisor deltar.



## **B 06/14 Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013**

### **Oppsummering:**

Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2013 blei gjennomgått i måtet. Styret ønske at ein gjorde satsing på pasienttryggleik ennå tydelegare i rapporten, og at dokumentet tydeleggjorde utfordringar rundt kommande ESA-sak. Ut over dette kom det berre forslag til mindre språklige justeringer.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek forslag til Årsmelding for 2013 for Sjukehusapoteka Vest HF til etterretning, og ber om at endeleg Årsmelding for 2013 vert lagt fram i neste styremøte.

## **B/O 07/14 Eventuelt**

Ingen saker under Eventuelt.

## **Lukka del**

## **O 08/14 Rapportering i høve til «80/20-regelen»**

### **Oppsummering:**

Administrasjonen syna berekning av forholdet mellom intern og ekstern omsetning i føretaket i høve til nasjonalt fastsette prinsipp for slik berekning.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar saka til orientering.

## **O 09/14 ESA-saka – status og framdrift**

### **Oppsummering:**

Administrasjonen presenterte utvikling i saka sidan sist, og drøft med styret naturleg vidare saksgang.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar saka til orientering.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

Ingen

### **Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:**

Ingen



Ref. Ola Rye

14.02.2014

---

Ragnhild Osmundsen  
Styreleiar

---

Clara Øberg  
Nestleiar

---

Wenche Haffnes Andersen  
Styremedlem

---

Kjetil Hustoft  
Styremedlem

---

Per Karlsen  
Styremedlem

---

Lisbet Karin Nærø  
Styremedlem

---

Odd Søreide  
Styremedlem

---

Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

---

Nina Carstens  
Styremedlem

---

Marianne Saugestad  
Styremedlem

---

Maria Borch Helsingreen (sett)  
Styreleiar frå 20.02.2014

---

Olav Godtfred Klausen (sett)  
Nestleiar frå 20.02.2014

---

Jon Bolstad (sett)  
Styremedlem frå 20.02.2014

---

Anne Sissel Faugstad (sett)  
Styremedlem frå 20.02.2014

---

Inger Cathrine Bryne (sett)  
Styremedlem frå 20.02.2014